



Skjema M-0160N stadfesta av Landbruksdirektoratet den 2.6.2020

**Søknad om godkjenning av plan for nydyrkning i**

Kommune Masfjorden	Fylke Vestland
-----------------------	-------------------

Dette skjemaet skal brukast ved søknad om godkjenning av plan for nydyrkning, jf. forskrift [om nydyrkning § 7](#). Skjemaet skal før anleggsstart sendast den kommunen der arealet som ønskast nydyrka ligg. Kommunen si avgjersle kan påklagast til statsforvaltaren. Les rettleiinga på side 2 og 3 før søknaden vert fylt ut. Fyll øg ut vedleggslista på side 2 i skjemaet, og legg ved påkrevd og relevant dokumentasjon.

**Nydyrkningstiltaket kan ikke settest i gang før planen er godkjend.** Dersom nydyrkingsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredning § 8](#). Øg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikke kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn. Kommunen skal øg vurdere tiltaket etter føresegnene i kapittel II i naturmangfaldlova.

**Grunnopplysningar**

Søkjarens namn (etternamn, fornamn og mellomnamn) Tom Birger Rød		Fødselsnr. (11 siffer, kun om du ikke har org.nr.)	
Organisasjonsnr. (9 siffer)		Adresse Austfjordvegen 863	
E-postadresse tom_br@icloud.com		Telefonnr. 90720776	
Eigedomen søkeren om plan for nydyrkning gjeld			
Gnr. 59	Bnr. 3	Fnr.	

**Angi arealinformasjon i dekar (sjå eventuelt gårdskart)**

	Eigedomen sitt totalareal	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Uproduktiv skog	Grunn myr/djup myr	Anna areal
1	132,3							
2	Beskriv driftsbygningar på eigedom (tal på husdyrplassar, lagringskapasitet grovfôr, kornlager, korntørke, kjøleager etc.) Ikke relevant							
3	Driftsform på eigedom (husdyrhald, planteproduksjon mv.) Ikke relevant							
4	Ved husdyrhald angi talet på dyr			Ved planteproduksjon, angi eigm areal i drift Talet på dekar:				
5	Har eigedomen tilstrekkeleg spreieareal for husdyrgjødsel i forhold til husdyrhaldet? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei			Dersom nei, angi behov for ytterlegare spreieareal (dekar)				
6	Er det registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar på eigedom? Sjå rettleiinga punkt E og F <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Veit ikkje			Dersom ja, angi namn/nummer på lokaliteten(ane)				
7	Oppgi totalarealet som skal nydyrkast (dekar) 3		Til fulldyrka jord (dekar)		Til overflatedyrka jord (dekar) 3			
8	Kva slags mark skal nydyrkast? Sjå eventuelt Gårdskart Sjå vedlegg, rödmeket areal.			Oppgi forventa avling Beiteareal				

9	Ved nydyrkning av skogareal, oppgi hogstklasse og bonitet Ikke relevant
10	<p>Beskriv planlagt drift av nydyrkingsarealet (utdyp eventuelt i eige vedlegg)</p> <p>Beiteområde. Mottak av overskuddsmasser fra prosjektet til Vestland Fylkeskommune på Fv 570 Andås - Masfjordnes. Massene består av morenemasser, stein og jordholdige masser fra utgraving for natursteinsmurer og jomfruelig terrenget på utsiden av Fv 570. Se vedlagt oversiktssilde med blå rundinger der massene er hentet fra.</p> <p>Massene skal deponeres/mellomlagres på rødt areal på kartvedlegget. (Profil er markert med blå strek på rødt område.) Her blir jordmasser sortert ut og kjørt til bakkeplanering på blått område for å utjevne kuler i terrenget slik at det blir enklere å kjøre med beitepusser og andre maskiner. Her blir planeringshøyde igjenomsnitt 0,5m.</p> <p>Rødt areal blir også bakkeplanert og laget til som beiteområde. Idag er det stort sett bergområder her slik at man vil kunne jevne ut terrenget innenfor det røde arealet.</p> <p>Det blir ikke kjørt mer masser til dette området fra prosjektet Fv 570 Andås - Masfjordnes nå.</p>
11	Kva for økonomiske og driftsmessige fordeler vil ein oppnå ved nydyrkninga (legg ved kostnadsoverslag for nydyrkninga) Enklere beitetilkomst. Ingen økonomiske fordeler. Omfanget er 920m <sup>3</sup> med masser totalt. Tilkjøring av masser er avsluttet og området blir ferdigstilt til utgangen av 2024.
12	<b>Søknad om dispensasjon for nydyrkning av myr</b>
	Etter forskrift om nydyrkning av myr § 5 A andre ledd kan kommunen i særlege tilfelle gi dispensasjon til nydyrkning av myr. Kryss av for kva alternativ som passer:
12 A	<p>1. Mistat andre produksjonsareal på grunn av tap av leigejord eller ved utbygging i offentleg regi. <input type="checkbox"/></p> <p>2. Grunneigars einaste dyrkingsressurs er myr. <input type="checkbox"/></p> <p>3. Ivaretar særskilte produksjonar på fjellgrunn. <input type="checkbox"/></p>
12 B	Er arealet det er søkt om grunn eller djup myr? <input type="checkbox"/> Grunn <input type="checkbox"/> Djup
12 C	Er arealet av vesentleg betydning for å oppretthalde drifta? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Hvis ja begrunn:
13	Dato <u>13/11 23.</u> Søkjaren si underskrift <u>Jone Ringen Røs.</u>

### Vedleggsliste

Søknaden skal innehalde:	Vedlagt	Ikke relevant
Kart i farge (målestokk 1:5000) som viser det planlagde nydyrkingsarealet, tilkomsten til nydyrkingsarealet, eigedomen og området omkring	<input checked="" type="checkbox"/>	
Plan for grøfting av nydyrkingsarealet (med ei beskriving av kvar ein skal deponere/dumpe stein/stubbar)	<input checked="" type="checkbox"/>	
Søknaden kan også innehalde:		Ikke relevant
Konsekvensutgreiing	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Beskriving av planlagt drift av nydyrkingsarealet (jf. punkt 10)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Kostnadsoverslag for nydyrkninga (jf. punkt 11)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Kart over registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

## Rettleiing

### A. Nydyrkning kan berre skje etter godkjenning

Nydyrkningstiltaket kan ikkje settast i gang før planen for nydyrkning er godkjend av kommunen. Grunneigar, jordskifteretten på vegne av den som har gjort krav på jordskifte, eller leigetakar m.fl. kan søke om godkjenning av plan for nydyrkning. Godkjenninga fell bort dersom nydyrkning ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt. Kommunen kan sette vilkår ved godkjenning av plan for nydyrkning, jf. [forskrift om nydyrkning § 4.](#)

### B. Sakhandsaming

Kommunen skal innhente nødvendige fråsegner før dei treff eit vedtak, jf. [forskrift om nydyrkning § 9](#), og elles sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg. Regional kulturminnemyndigkeit skal få anledning til å uttale seg. Sametinget skal få anledning til å uttale seg der nydyrkninga kan ha verknad for deira fagområde. Statsforvaltaren skal få anledning til å uttale seg der nydyrkninga kan få verknad for vesentlege natur- og kulturlandskapsverdiar. Det skal settast ein uttalefrist på minst ein månad. Kommunen si avgjersle kan påklagast til statsforvaltaren.

### C. Kva ein reknar som nydyrkning

Som nydyrkning reknar ein fulldyrking og overflatedyrking av udyrka mark eller gjenoppdyrkning av jordbruksareal som ikkje har vore i drift i over 30 år. Med fulldyrking meiner ein rydding og bryting til vanleg pløyedjup slik at arealet kan nyttast til åkervekstar eller til eng og beite som kan fornyast ved pløying. Med overflatedyrking meiner ein rydding og sletting av overflata slik at maskinell hausting er mogleg. Opparbeiding av overflatedyrka mark til fulldyrka mark reknast ikkje som nydyrkning.

### D. Vilkår/føresetnader for godkjenning

Planen for nydyrkning kan ikkje godkjennast dersom nydyrkingsarealet ligg i kantsona mot vassdrag. I slike tilfelle må ein sette igjen ei vegetasjonssone mot vassdraget. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sona vere minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknar ein stilleståande eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vasslaup utan årssikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå omgivnadane. Dersom nydyrkingsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredninger § 8](#). Øg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikkje kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfald eller andre viktige miljøomsyn. Godkjenning av plan for nydyrkning etter nydyrkingsforskrifta fritek ikkje grunneigar for plikta til å innhente nødvendig løyve etter anna lovverk.

### E. Andre forhold som har noko å seie for avgjersla

Formålet med forskrift om nydyrkning er å sikre at nydyrkning skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiene. Det skal leggast særleg vekt på verknaden nydyrkninga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene, og det skal gå fram av kommunen si avgjersle kva verdiar tiltaket kan få følgjer for, og kva konsekvensar nydyrkninga får for desse. Omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiar skal vurderast for større område uavhengig av eigedomsgrenser. Som natur- og kulturlandskapsverdiar reknar ein miljøkvalitetar som landskapsbildet, mangfaldet i naturen og kulturminne. Til landskapsbildet hører eksisterende tilkomst til bakenforliggende areal.

Det er verknaden av nydyrkningstiltaket og verdien av natur- og kulturlandskapet som skal vurderast. Det vil vere ulikt korleis eit nydyrkningstiltak påverkar verdiene i området. I kvar sak må det gjera ei vurdering av nyttå av nydyrkningstiltaket opp mot eventuelle negative konsekvensar tiltaket kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene. Kommunen sine vurderinger etter [naturmangfaldlova §§ 8-12](#) skal følge av tiltaket, jf. [naturmangfaldlova § 7](#). I tillegg til natur- og kulturlandskapsverdiar skal kommunen legge vekt på om det er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga og om nydyrkningstiltaket legg til rette for gode driftsløysingar. Utfallet av søknaden vil bli bestemt av ei avveining av desse omsyna.

### F. Meir om utfylling av søknadsskjemaet

Før opp namn, organisasjonsnummer eller fødselsnummer (før opp fødselsnummer om du søker utan organisasjonsnummer) adresse, gards- og bruksnummer (ev. festenummer) på eigedomen som søknad for nydyrkning gjeld. I punkta 1-6 gir ein opplysningar om eigedomen, og i punkta 7-11 gir ein opplysningar som ønskast nydryka. Det er viktig at ein fyller ut punkta av omsyn til vurderinga av nydyrkningstiltaket. Under punkt 1 skal ein berre føre opp areal som hører til eigedomen, ikkje leidt areal. Arealinformasjon i punkt 1 kan hentast frå NIBIOSs [Gårdskart](#) på internett.

I "Produktiv skog" reknar ein med skog av særstak høg, middels og låg bonitet. I "Anna areal" reknar ein med kategoriane jorddekt og skrinnfastmark, bebygd, samferdsel, vatn, bre og ikkje klassifisert areal. I punkt 5 skal ein angi behov for areal i forhold til produksjonsomfanget. Før opp areal som eigedomen manglar, og som er nødvendig for å oppfylle krava til spreieareal i [forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24](#). Når ein skal rekne ut behovet for areal, tek ein ikkje med leidt areal, berre eigd areal. Informasjon om registrertenatur- og kulturlandskapsverdiar under punkt 6 kan kommunen hjelpe til med å finne. Dei finst også i kartene i kartester på internett, blant anna:

- o Natur- og landskapsverdiar:
  - Miljødirektoratets kartteneste [Naturbase](#)
  - Artsdatabankens kartteneste [Artskart](#)
  - NIBIOSs kartløysning [Kilden](#)
- o Kulturverdiar:
  - Riksantikvarens [Kulturminnesøk](#)

Registrerte naturverdiar kan til dømes vere prioriterte arter og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova, eller arter og naturtypar oppført i Norsk Rødliste (for arter 2010, for naturtypar 2011). Andre natur- og kulturlandskapsverdiar kan vere områdevern etter naturmangfaldlova, kulturminne etter kulturminnelova, verdifulle kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket, Miljøregistreringar i skog, vernskog, og område vurdert som svært viktige (A-likelighet) og viktige (B-likelighet) i Naturbase.

## Rettleiing

### G. Tilsyn og brot på nydyrkingsforskrifta

Kommunen skal føre tilsyn med at føresognene i nydyrkingsforskrifta og vedtak fatta med heimel i den vert følgde, jf. [forskrift om nydyrkning §12](#). Kommunen kan i samband med dette utføre ei synfaring på eigedomen. Kommunen skal gi statsforvaltaren melding om brot. Statsforvaltaren skal varsle departementet dersom brotet bør følgast opp ved tvangsgesbyr etter andre ledd. Ved brot på forskrifa eller vedtak fatta med heimel i den, kan kommunen pålegge tiltakshavar å reparere skaden, godkjenninga kan trekka heilt eller delvis tilbake, eller statsforvaltaren kan pålegge den ansvarlege tvangsgesbyr, jf. [forskrift om nydyrkning § 12](#).

### H. Kulturminne

Dersom nydyrkkingstiltaket utgjer 15 dekar eller meir av samla overflate over ei periode på fem år, vert det rekna som eit "større privat tiltak", og vert omfatt av undersøkningsplikta i [kulturminneloven § 9](#). I desse sakene vil nydyrkingsforskrifta og kulturminneloven gjelde side om side. Dette betyr at søker må ha nødvendige løyve etter begge regelverk før tiltaket kan settast i gang. Sjå Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv [T-2/99 om nydyrkkingstiltak](#).

Staten kan dekke utgifter til arkeologiske arbeider dersom desse blir urimelig tyngende for tiltakshavaran, jf. [kulturminneloven § 10](#). Sjå Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv som gjeld mindre, private tiltak: [T-2/2007 om dekning av utgifter til arkeologiske arbeider](#).

Dersom ein treff på automatisk freda kulturminner under gjennomføringa av tiltaket, uansett størrelse jf. [kulturminneloven § 4](#), skal arbeidet stanses og melding sendes til fylkeskommune/Sametinget, jf. [kulturminneloven § 8](#).

### I. Nydyrkning av myr

Nydyrkning av myr er forbode. Med myr meinast i forskrifa «areal med myrvegetasjon og minst 30 cm tjukt torvlag». Skog med torvmark reknast også som myr når arealet elles tilfredsstiller krava til myr. Med myrvegetasjon meinast til dømes mosar, myrull-, starr- og sivartar, bjønnskjegg, soldogg og molte.

For rettleiling rundt søknad om dispensasjon, sjå [Landbruksdirektoratets veileder](#).

Dispensasjon kan berre gjevest i særlege tilfelle som angitt i skjemaet. Dersom eit av desse vilkåra er oppfylt, kan du søkje om dispensasjon.

Dersom arealet som skal nydyrkast er djup myr, må du leggje ved dokumentasjon på at dette er det eineste tilgjengelige dyrkingsarealet på eigedomen. Informasjon om dette fins i kartlaget «myrinformasjon» i Kilden. Dersom det ikkje finns data på dette for din eigedom, må du dokumentere dette sjølv. Kravet om at djup myr må være eineste tilgjengelige dyrkingsareal gjeld ikkje for søknader omfatta av punkt 3 over.

Etter forskrift om nydyrkning § 5A femte ledd må søker dokumentere at det tiltaket det er søkt om er av vesentleg betydning for å oppretthalde drifta.

Når nydyrkkingstiltaket er gjennomført skal grunneigar gi melding til kommunen. Løyve fell vekk etter tre år dersom tiltaket ikkje er igangsett.